

Vestlandskappleiken 2014

Hardanger Spelemannslag
v/Marit Tveito Askeland
5736 Granvin
Kontonummer 3450 37 71200

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Granvin, 30.06.2014

Søknad om stønad til Vestlandskappleiken 2014

Hardanger Spelemannslag står som tilskipar av Vestlandskappleiken 2014 i Granvin, helga 3.-5. oktober 2014.

Me reknar me at kappleiken vil samla omlag 100 deltakarar i spel, song og dans i frå alle dei fire Vestlandsfylka. Vestlandskappleiken vert skipa til kvart år, og kappleiksstaden alternerar mellom Hordaland og Sogn og Fjordane Fylke. I 2014 er det Hordaland sin tur, med Hardanger Spelemannslag som lokal tilskipar.

Kappleiken samlar vanlegvis mange unge utøvarar – då særleg i klasse C som er klassen for dei mellom 12 og 18 år, samt i den sokalla rekruttklassen som er for dei som er under 12 år. Dette gjeld både i spel, song og dans, og me som arbeidar med dette til dagleg ser på denne årlege tilskipinga som ei svært viktig arena for dei aller yngste.

I tillegg til deltakarane reknar me naturlegvis med både lokale og tilreisande tilhøyrar.

I tillegg vil ei slik tilskipping involvera omlag 50 personar på tilskiparsida. Dette er medlemmar i Hardanger Spelemannslag og andre interesserte som stiller opp på dugnad – m.a. foreldra til medlemane i Hardanger Juniorspelemannslag.

For heile kappleiken har me budsjettert med inntekter på kr 195.00 inklusive tilskot, og med utgifter på same summen, slik at dette ikkje er meint å vera nokon inntektskjelde for laget – men me ynskjer heller ikkje å påføra laget utgifter utover arbeidsinnsats med å ta på oss ei slik tilskipping.

Nemnda for Vestlandskappleiken 2014 søker med dette om eit tilskot på **kr 3000** som skal nyttast til førebuing og gjennomføring av kappleiken.

Eventuell stønad kan overførast til konto 3450 37 71200 tilhøyrande Hardanger Spelemannslag v/Anne-Marie Øydvin, 5730 Ulvik

Med helsing
nemnda for Vestlandskappleiken 2014
Marit Tveito Askeland
- leiar i kappleiksnemnda-

Vedlegg:
Førebels budsjett for Vestlandskappleiken 2014

Vestlandskappleiken 2014

Hardanger Spelemannslag
v/Marit Tveito Askeland
5736 Granvin
Kontonummer 3450 37 71200

Førebels budsjett for Vestlandskappleiken 2014, Granvin 3.-5.oktober 2014

Inntekter		Utgifter	
Deltakaravgift	30000	Varekjøp kafé	30000
Kafé drift	40000	Leige av lokale	5000
Billetter/programhefte	45000	Billetter/programhefte /plakat	20000
Annonse inntekter	10000	Premiar	25000
Sponsorinntekter	70000	Kontorhald	4000
		Reise/diett/overnattting/honorar 1	65000
		Annonser m.m	10000
		Kappleiksavgift Lfs	1000
		Lyd	35000
	195000		19500

1) gjeld reise/overnatting dommarar og konserthonorar til utøvarar

Budsjettet er sett opp med bakgrunn i rekneskapen for Vestlandskappleiken 2010 på Lofthus